

**Kommunal- og moderniseringsdepartementet,**

**P.B. 8112, Dep.,**

**0032 OSLO**

Hjelmeland 23.08. 2016

### **Innspel til arbeidet med ny stortingsmelding om «bærekraftige byer og sterke distrikter».**

Ryfylke IKS er regionrådet for kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand. Føremålet er å styrkja regionen gjennom interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet driv verksemda dels i eigen regi, dels som tilretteleggjar for andre både offentlege og private verksemdar.

Me viser til brev og nettside med invitasjon til å koma med innspel til ny stortingsmelding om bærekraftige byar og sterke distrikt. I tillegg viser me til «innspelsmøte» i Stavanger der Ryfylke IKS var ein av dei inviterte.

Under innspelsmøtet la me vekt på at det må leggjast til rette for satsing på omstilling og datalagring på line med det me ser i land som Sverige og Irland.

Det amerikanske selskapet Cushman & Wakefield har rangert 37 land rundt om i verda i sin Data Center Risk Index 2016. Island og Noreg tronar på toppen av lista som er utarbeida for hjelpe datasenteraktørar med å fatte avgjersler om kor det neste datasenteret skal etablerast. Slike avgjersler er viktige for land som blir valt. Industrielle datasenter har vist seg å vere gull verdt for sysselsetting og vekst i regionar.

Men me er uroa for at dette også kan bli ei kvilepute som leiar oss til å tru at Noreg har dei vilkåra som trengs for lukkast som internasjonal datasenterlokasjon. For å få store datasenteretableringar til Noreg meiner me at det må satsast langt sterkare på utvikling av infrastruktur (særleg internasjonale fiber og fiberprodukt), lokasjonar og naudsynte tenester for datasenterbransjen. Sjølv om mykje bra skjer meiner me Noreg framleis har ein veg å gå før me kan kalla oss ein internasjonal datasenterlokasjon på høgde med til dømes Irland og Sverige.

Noreg må lukkast i den nye digitale økonomien. Då er første bod å forstå kva som utløyser investeringar og satsingar i datasenter og digital verdiskaping. Me veit at me må vere konkurransedyktig på kostnader knytta til energi, fiber, lokasjonsutvikling, skattar og avgifter. Men me må og vere konkurransedyktige innan forretningskultur og politiske tilhøve. Me må og ha dei rette tenestene og produkta knytt til fiber, straum, areal og tenester.

Stortingsvedtak av 03.05.2016, ref. representantforslag om strategi for utbygging av fiberkablur og grøne datasenter, er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Å skape dei resultatane dei har i Irland er krevjande. For å skapa eigne prestasjonar må Noreg etablere betre vilkår for den nye digitale økonomien og den veksande internasjonale

datasenterindustrien. Me må læra av dei som har lukkast, me må jobba saman for å utvikla og betra dei innsatsfaktorane som datasenterindustrien treng: energi, areal, fiber, kompetanse, tryggleik og føreseielege rammer. Tilliten som lokasjon for store datasenter har Noreg fått den dagen store og små internasjonale aktørar kjem med sine datasenterinvesteringar til Noreg.

Venleg helsing for Ryfylke IKS

Torkel Myklebust

Dagleg leiar Ryfylke IKS

+47 414 47 800